



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
08/00218-23

ARK. Forvaltningsarkivet
322.0

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739


DYKKAR DATO

VÅR DATO
03.03.2014

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Arne Høyland
Eidsnesvegen 110
5913 Eikangervåg

KOPI



MUSEUMSANSVAR FOR NORDHORDLAND

Vi syner til førespurnad av 18.02.2014 om museumsansvaret for Nordhordland.


Organisatoriske tilhøve og gjenstandssamlingar på museumssektoren er primært ei sak for Kulturdepartementet. Riksantikvaren kan likevel vere rett instans i saker som gjeld faste kulturminne og farty på museumssektoren.

Riksantikvaren har forhøyrd seg saka og ser at museumsplanen for Hordaland legg det regionale ansvaret for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Osterøy, og Vaksdal til Museumssenteret i Hordaland (MuHo). Regionrådet i Nordhordland har slutta seg til denne ordninga.

Frå MuHo får vi opplyst at dei er merksame på at det vantar god og tilstrekkeleg magasinplass for gjenstandsmateriale frå Nordhordland. Dei arbeider difor med planar om eit større magasin for gjenstandar frå desse kommunane i samband med eit planlagd nybygg ved museet si avdeling Vestnorsk Utvandringssenter på Radøy. Kulturdepartementet, fylkeskommunen og regionrådet er varsla om planane.

Vi rår difor til at De vender Dykk til MuHo for ytterlegare informasjon om saka. Riksantikvaren sitt samarbeid med MuHo er avgrensa til verna og freda bygg, kulturmiljø og farty.

Beste helsing


Mari Søbstad Amundsen e.f.)
fung. seksjonssjef


Erik Småland
seniorrådgjevar

Kopi til: Museumssenteret i Hordaland, Salhusvegen 201, 5107 SALHUS/ Per Morten Ekerhovd, Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen